



*Øystre Slidre kommune*

*- rein naturglede!*

## **Informasjon og rutiner for Øystre Slidre Utstyrssentral**

Utstyrssentralen er etablert som eit samarbeidstiltak mellom Skogprodukt og Frivilligsentralen i Øystre Slidre kommune. Formålet for utlån er å stimulere og gje alle høve til å delta i fysisk aktivitet og friluftsliv.

Skular/barnehagar, lag og organisasjonar, familiar og enkeltpersonar kan låne sports- og friluftsutstyr gratis. Utstyrssentralen har lager i Vindevegen 5 og på Furustrand (utstyr til vassaktivitet).

**Opningstider:** Utstyrssentralen har desse opningstidene:

Vindevegen mån-fre kl. 9-15. Tlf. 97531190/61349565

Furustrand kvar dag i skuleferien kl. 12-17, kontakt kioksvakta. Før og etter skuleferien, kontakt Frivilligsentralen tlf. 97605755.

**Retningslinjer for lån og bruk av utstyret:** All bruk av utstyret skjer på eige ansvar. Den som låner utstyret, må sjølv dekke kostnader ved reparasjonar eller innkjøp av nytt utstyr, dersom utstyret skulle bli øydelagt. Dette gjeld ikkje normal slitasje. Utstyret leverast tilbake i same tilstand som ved utlån. Lavvoar, redningsvestar, soveposar og anna utstyr skal vere tørt og reint ved innlevering. Avvik skal meldast frå om ved innlevering til Utstyrssentralen.

**Sjå utlånsreglar på neste side**

## Utlånsreglar

- Utstyret i Vindevegen lånast ut maks. 7 dagar. Utstyret på Furustrand skal kun brukast på Furustrand og lånetida er maks. ein dag.
- Kun vaksne over 18 år kan stå som lånetakar av utstyret. Dersom ungdom under 18 år ynskjer å låne utstyr, må dei ha fullmakt frå føresette.
- Det forutsettast at lånetakar set seg inn i bruken av utstyret, og at bruk skjer forskriftsmessig og på eige ansvar.
- Kajakk/kano krev spesielle kunnskarar, og vi forutset at lånetakar ved lån av kajakk/kano har kunnskap om bruken.
- Utlånar står ikkje ansvarleg ved skade på personar.
- Den som låner utstyret er erstatningsansvarleg ved skada eller øydelagt utstyr.
- Lever utstyret tilbake i same tilstand som ved utlån, gje beskjed viss noko er øydelagt eller dårlig. Ikkje reingjort/vått utstyr belastast med kr. 200 som erstatning.
- For sein innlevering blir fakturert med kr. 100 pr. dag etter innleveringsdatoen.

Lånetakar får ei kontrakt som skal signerast før utlevering av utstyr.

Heggenes, 30.05.2022